



Cardo 8614 AS  
Øvre Blekeveien 20  
5003 BERGEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 17/1181 - 17/27035

Saksbehandlar:  
Siril Therese Sylta  
SirilTherese.Sylta@lindas.kommune.no

Dato:  
21.09.2017

## Avgjerd om utsatt iverksetting av vedtak - gbnr 129/6 Titland søndre

**Tiltak:** bruksendring  
**Byggjestad:** Gbnr: 129/6  
**Tiltakshavar:** Rusomsorg Vest Nappane  
**Ansvarleg søkjar:** Lyder Leithaug

I motteke klage er det oppmoda om utsett iverksetting av vedtak datert 30.08.2017. Oppmoding om utsett iverksetting vert handsama uavhengig av sjølv klagehandsaminga.

Utgangspunktet er at vedtak i byggesaker kan setjast i verk straks dei er vedtekne og gjort kjend for partane. Når eit vedtak er klaga på, kan underinstansen fatte avgjerd om at eit vedtak ikkje skal setjast i verk før klagen er endeleg avgjort, jf. forvaltningslova § 42.

Avgjerda vert gjort ut i frå ei heilskaplege og konkret vurdering av klagen og av dei ulike interessene og tilhøva som gjeld sjølv saka, sjå Ombodsmannen si årsmelding 1985 s. 154. Det sentrale for avgjerda vil vere ei vurdering av dei fordelar og ulemper ei avgjerd om utsett iverksetting vil gje for partane.

Etter ei førebels vurdering av klagen og forholda som gjer seg gjeldande i saka, er vert det vudert at det er grunnlag for å gje utsatt iverksetting av dispensasjonsvedtaket til klagesaka er endeleg handsama. I denne saka er det sterke motstridande interesser som gjer seg gjeldande. Tiltakshavar sitt ønskje om legalisering av den etablerte drifta, og omsynet til dei som bur og har interesser i området. Administrasjonen vurderer det slik at det vil vera i alle partar si interesse at saka om dispensasjon er endeleg handsama, før ein eventuell byggesak kan takast til handsaming.

På bakgrunn av dette er vurderinga at det vert gjeve utsett iverksetting av vedtaket.

Denne avgjerda etter forvaltningslova § 42 er ei prosessuell avgjerd og kan ikkje klagast på. Fylkesmannen kan på sjølvstendig grunnlag ta stilling til spørsmålet om utsett iverksetting i saka. Eventuelle førespurnadar om dette kan rettast direkte til Fylkesmannen i Hordaland.



Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Siril Therese Sylta  
avdelingsleiar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Ingeniør Lyder K Leithaug  
Rusomsorg Vest Nappane

Bønnesskogen 3B 5154  
Titlandsvegen 359 5912

BØNES  
SEIM

**Mottakarar:**

Cardo 8614 AS

Øvre Blekeveien 5003  
20

BERGEN